



Tre sentale og lokale aktørar: F.v: Audun Tvedten, Marit Lindekleiv og Lina Håland.

**Mykje folk møtte fram til salme- og gospelkveld i Kvinnherad kyrkje i går. Med salmar og tekstar mellom anna frå Lina Sandell og gospellegenda A. Crouch var alt duka for ein vellukka kveld. Dei lokale aktørane Marit Lindekleiv, Audun Tvedten og Lina Håland stod for ei solid og variert framføring. der kyrkjelyden fekk vera med i allsongen.**

Ei sterk forteljing frå barneheimsarbeidet i Umbred i India sette inntrykk. Soknepresten i Uskedalen, Lina Håland, har vore 6 gonger i India. Ho var berrre 15 år fyrste gongen. Barneheimen, som mor og far hennar driv, har 25 faste plassar. 10 born kjem dagleg i barnehagen. Alle går på skule og borna har høge mål for kva dei vil bli som vaksne. Alle er med på praktisk arbeid som reinhald og matlaging. I 2016 fekk barneheimen eige bygg. No samlar ein inn pengar til skifte av ein totalt utsliten bil. Etter denne forteljinga verka det sterkt med Lina si framføring av S. Dagsland sin tekst: Slummens datter. Det er håp i all fortvilning og vonløyse.

Tekstane av Lina Sandell var det meste henta frå salmeboka, kjende salmar som Ingen er så trygg på ferda, Blott ein dag og Eg kan ikkje telja dei alle. Audun Tvedten hadde med seg tre ulike saksofonar og soloframføringane hans, Gabriels obo og Almighty God, saman med Marit Lindekleiv på orgel, var noko av det beste vi fekk høyra. Det same må vi kunna sei om den italienske Cavalleria Rusticana.

Lina Håland kjenner vi som ein dyktig gospelsongar. Ho har ei vakker og intens stemme og eit stort register. Go tell it in the Mountain saman med kyrkjelyden er alltid vellukka. Den norske teksten Har du fyr av Ole Bremnes vart framført i ein kombinasjon med salmen Navnet Jesus blekner aldri.

Marit Lindekleiv har regien med eit roleg og avstemt tonefylgje. Å meistra både orgel og klaver i ein og same konsert er alltid like krevjande. Marit går mellom og gjer denne jobben på ein roleg og verdig måte.

Tor Bjelland stod for god lyd. Rosendal sokneråd var teknisk arrangør.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal